

- LAGSBLAD -

Nr. 4

April 1938

21 året

Det norske teatret på turné — ei festframsyning.

Etter som det lydest skal Det norske teatret ut på spelferd med «*Medmenneske*» av Olav Duun.

Teatret har havt veldig suksess med dette stykket. Oslo-kritikken hadde berre ei meining: Teatret, skodespelarane og dikteren hadde nådd det høgste med dette skodespelet. Endåtil forretningsbladet «*Farmand*» — som visseleg aldri fyrr har skrive eit ord um teater — var heilt upp i under og talde alle folk til å sjå dette sermerkte skodespelet.

Den som har set «*Medmenneske*» vil kunna sanna at lovorda ikkje er for store. Det er reint utruleg at eit levande menneske kann tolka ein so mangslungen og tvert i gjennom uhyggeleg skapnad som *Didrik*. *Lars Tvinde* greider det. No er han St. Olavs riddar. —

Det har vore kritisert at me i B.ul. gjer for lite av oss når Det norske teatret er på gjesting. Um kritikken er rettvís skal vera usagt. Elles er no venteleg ikkje dei som kritiserar fullføre til å avgjera kor høg procent av publikum det er som soknar til B.ul. Men dei um det!

Eitt er i alle høve visst: Teatret har og havt si skulde i at åskodarane har halde seg burte. På spelferdene dei siste åra har spelstykkja jamt ikkje vore på høgde med spelarane. Den storveges framgangen og dei kunstnariske sigrane teatret har vunne i hovudstaden har ikkje stade so klårt for den vanlege mannen kring i landet elles. Den populariteten Det norske teatret ein gong hadde på Vestlandet har difor minka. Og det er ille!

No vil teatret bøta på mishøvet. Difor er det på sin plass at me som heldt av D. n. t. syner vår takksemd. Men korleis skal me best få dette til? Me har spekulert på noko i denne dur:

Når Det norske teatret kjem til Stavanger denne gongen tenkte me at me i B.ul., som ei lita takk for det storgjæve arbeidet teatret og skodespelarane legg ned for norsk scenekunst, kunde skapa litt av ein *fest* kring fyrste framsyninga her i teatret.

Det kunde gjerast på den einfelte måten at alle som hadde nasjonalbunad samlast i teatret den kvelden. Desse festklædde folk burde sitja nokonær på ein stad. T. d. i parkett og parterre. Fyre teppet gjekk upp kunde t. d. formannen i B.ul. helsa spelferda velkomen hit.

Det skal ikkje so mykje til fyrr det set litt umfram «flog» yver det i teatret soleis. Berre den nasjonalklædde fylkingen vilde sjølv-sagt leggja ein ekstra dåm yver framsyninga, både for spelarane og for publikum.

Norsklynd ungdom og eldre med kring på Jæren og i Ryfylke vilde vonleg og vera med på å syna Det norske teatret ei slik æra. Ungdom er det ei mengd av, bunader har mange, og bilar og bussar kunde føra i hundravis inn til byen ved eit sovore høve.

Kunde ein få planen realisert, var det undarleg um ikkje D. n. t.

skulde få trua att på oss Rogalendingar.

P. S. Etter dette er skrive, har me kome under vêr med at D. n. t. *ikkje* kjem til Stavanger med denne spelferda. Slikt må ikkje henda! Det er no endå større grunn til å arbeide i den leid som er uppstaka ovanfyre.

Songarlaget.

Songarlaget hadde 24-årsfest laurdag 12te mars i B.ul. sin festsal, og det er verkeleg med gleda eg skriv eit lite referat frå denne festen.

Songarane sjølv, og festnemndi ikkje minst, såg heller skeptisk på det heile. Vilde det lata seg gjera å laga til fest i år, slik som tilhøva har vore for koret i vinter? Sistpå vart me då samde um å gjera ein freistnad likevel. Nemndi gjekk på med friskt mot, og enden på visa vart ein fest som me songarar seint, kannhenda aldri, gløymer. Tru det var fordi me sette so små voner til festen at me tykte alt vart so velukka og gildt, eller var det dei små nye ting nemndi hadde funne på som sette slik ekstra spiss på festen. Eg veit det ikkje; men no vil eg freista fortelja korleis det var skipa til.

Salen var varm og koseleg. Borda stod duka til ca. 60 mann, med blommar og ljøs. I grunnen heilt einfelt, men so smakfullt likevel. I kvar si krå stod det små

bord med teppe på og flagg og ljøs. Eg kjende meg heime straks eg kom inn i salen.

Alle sessar vart upptekne straks, ingen tome benker stod og gapte. Me byrja festen med å syngja ein song, skreven av Karl Myhre for høvet. Deretter ynskte Tora Hatte-land festlyden velkomen på vegne av nemndi. Denne velkomehelsingi hadde ho laga i form av ein prolog, og ho fekk soleis sagt andre ting og enn berre velkomen.

So fekk me maten med ein gong, og den smaka framifrå. Det var berre vellæta å høyra frå alle kantar for menyen.

Kveldens festtale vart halden av *Otto Olsen*. Han er med i songarlaget, og han heldt ein feiande frisk og god tale um song til kvar-dags og fest slik i det store og heile. Han hausta mykje, fortent fagning for talen sin. Andre talarar som melde seg under «ordet fritt» var Vegard Sletten; han bar fram ei helsing frå styret og laget som songarane sette umåteleg pris på; dessutan sa han mange gode trøystande ord til oss og lykta med ynske um lukka og framgang i komande tider. Etter han kom *Einar Molaug* som hadde gode idéar han ikkje vilde brenna inne med. Han snakka med fynd og klem. Karl Myhre heldt ein uvanleg fin liten tale. Sjeldan har vel Myhre vore so god som denne kvelden. Han byrja med å samanlikna koret med ei fela, og det kom mykje fint

ut av denne samanlikningi. Tilslutt las Nordaker upp ei telegrafisk helsing som me hadde fått frå eit kor her i byen, og det tykte me alle var veldig gildt. Fyrr me reiste oss frå bordet, song me song nr. 2, skreven av Myhre. Ingen av songane var ein sokalla skjemte-song, som me oftast plar ha på festane i laget. Eg kan tenkja meg at det har vore reint rådlaut for Myhre å finna fram til den noko lettare tonen i desse triste tidene for songarlaget.

Salen vart no rydja i ein fart, og det gjekk slag i slag med moro og tidtrøyte frametter heile kvelden. Eg har aldri visst at me hadde so mange solistar millom oss i B.ul. *Astrid Samuelson* song solo, *Dagfrid* og *Margit Hatleskog* song duett. *Einar Nordaker* song solo. *Særheim* både spela og song, og *Einar Molaug* song viser. *Georg Egenberg* song solo, og eit par songar saman med *Madel Enoksen*. Alle var flinke og vart vel fagna. Sistpå song då koret sjølvsagt eit par gonger. Millom all denne songen fekk me op opplesing av *Arnulf Eskeland*.

Kaffien fekk me nett i rett tid, ikkje for tidleg og ikkje for seint, med jolebrød og heimelaga kakor so mykje me vann setja tillivs. So koseleg alt igrunnen er med slik ei liti kaffikvild i dei små timar!

Utetter dei store og små timane gjekk leik og anna med liv og lyst. Nemndi hadde funne på bå' likt og

ulikt til å trøyta tidi med. Humøret hadde ei stor stund heile kvelden og natti.

Då me skildest, og Nordaker takka nemndi for velgjort verk, var det berre ei meining i salen: At festen hadde vore ei hyggjastund av dei fåe.

Uppritaren.

„Sportsbunad“.

Nasjonal- eller bygdebunadene er komne i vinden som aldri fyrr. Kvar landslut har arbeidt i det stille lenge, og ein har nådd ikkje lite langt både her og kvar. Det var likevel få som hadde tenkt seg at bunaden skulde koma so snøgt på moten i byane — eller for å segja det beint ut — hjå yverklassa der.

Men det utenkte er trass i alt ein røyndom idag! Det er ikkje mange som interesserer seg meir for bygdebunadene enn nettupp dei som fyrr mismætte det bygdenorske mest.

I det heile er det slik ein snunad i norsk leid innan visse krinsar idag at ein reint lyt spyrja seg sjølv um det kann vera sant sume gonger. Rett nok har ikkje umskiftet kome av seg sjølv. Trottuge kvinner og menn har slite det fram steg for steg med ein intelligens og ein tru på saka som det står den største age av. Men når umskiftet likevel er ein røyndom, skal me vera glade for det, og freista

gløyma den motburd som no smått i senn dovnar av.

Men frå mange ord til noke positivt. I samrøda med ein vurd lagsmann um likt og ulikt kom drøset inn på um det ikkje no var tida å gjera noko for ein litt meir lett og einfeltdt karmannsbunad. Når *kvinnone* rår seg til kvardagsbunader, måtte det lata seg gjera å komponera eit sovore plagg for *karfolka* au.

Det er vel vanskeleg um noko slikt vil verta serleg praktisk. På landsbygda er det no ein gong *dongeryen* som er vorten det daglege arbenisplagget for mannfolka. Um det ikkje plent er so *norsk* av seg, so er det likevel hendige klæde til sitt bruk. Det er difor lite truleg at ein får noko istaden som duger meir.

Men tanken gav oss ein ny idé: Korleis vilde det vera um me mannfolk fekk oss ein *sportsklædnad* bygd på nasjonalbunaden?

(Forts.)

Saklista:

- 21 april: Stavangerkveld.
- 28 april: Program ved lagsfolk.
- 5 mai: Foredrag med film ved A. Bernhoft-Osa: Dyreliv i sjøen. Song av Songarlaget.
- 12 mai: Sumardrøs, kaffi.
- 17 mai: Fest. Nemnd: Ketil Osland, Julius Bårdsen, Rasmus Ånestad, Arne Borsheim, Bergit Vik, Mathilde Borg, Pauline Søndena og Rakel Espedal.



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOKHANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott utval i

Ull-kjolety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S
SØREGATA 9

Stavanger Colonialforretning

har byens beste
brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810 f


Utsalg:

Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning
Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 311
Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning

Ingi gåva

pryder

som blomar feå

Blomsterhallen

Belysningskunst




Cicelør - Verkstad Hetlandsgt. 45

Lagsfolk!

Kjøp dykkar frukt,
sjokolade, confekt,
tobakk, sigarar og
sigarettar hjå

Pedersgt.s Fruktforretning A
Pedersgata 39

Varene vert sende heim
Ring telefon 4547k



„SVITHUN“ er den beste sykkel
Avbetaling innrømmes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabrikker

Yderst lave priser

Best - billigst.

En detail - en gros

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42

STAVANGER
TELEFON 3690

A. IDSØE

Telefon . . 102 - 458
Rikstelefon 3020 - 3089

*Byens største Kjøtt-
og Pølseforretning*

Etablert 1828

Parafin
hengelampor

Elektriske
ljosekronor

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Steinty

Postelin

Glasvaror

En gros - En detail

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn	Norgesgarn
Tvinggarn	Plantef. garn
Glitregarn	Slumregarn
Gretegarn	

ROGALAND/ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS

SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT

VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



1/3 MARGARINCENTRALEN